


Årsrapport 2014

Hardangervidda Fjelloppsyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjellova og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegretslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettigkeitshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndighet og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndighetene.

Harangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyna på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Pb 562, 5703 VOSS

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2014.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og daglegrift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 3,9 årsverk i 2014

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturopsyn. Noko av arbeidet er betalt av UniResearch as, Norges miljø- og biovitenskaplige universitet, Norges vassdrags- og energidirektorat og Hardangervidda villreinutval.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppdragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Mars 2015

Georg Gjøstein /s/
Daglegrift leiar

Innhold

1. Oppsynsarbeid	5
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel.....	5
1.4 Reaksjonsstatistikk.....	6
1.5 Kulturminner	6
1.6 Naturvernområder	6
2. Fjellredningsarbeid	6
3. Informasjonsarbeid	6
3.1 Generelt.....	6
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter.....	7
3.3 Heimeside.....	7
3.4 Informasjonsplakatar om fjellstyrta på Hardangervidda	7
4. Rekrutteringsarbeid	7
4.1 Generelt.....	7
4.2 Særskilde arrangement	7
5. Registreringsarbeid	8
5.1 Registrering av villrein – Rv 7	8
5.2 Strukturteiling av villrein	8
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.....	8
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	8
5.5 Utsetting av fjellrev.....	8
5.6 Vatnprøver	9
5.7 Rovviltkontaktarbeid.....	9
5.8 Registrering av jerv.....	9
5.9 Beitestudie.....	9
5.10 Snømålingar	9
5.11 GAB registrering	9
5.12 Fugletaksering, TOV-E	9
5.13 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E	10
5.14 Nyegistrering av hekkelokalitetar for jaktfalk.....	10
6. Skjøtselsarbeid	10
6.1 Skilting	10
6.2 Renovasjon	10
6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyrta	10
7. Sekretariat.....	10
8. Organisasjonen	11
8.1 Generalforsamling.....	11
8.2 Styre og Fjelloppsynsutval	11
8.3 Tilsette.....	11
Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyrta.....	11
Arbeid for Røldal fjellstyre	11
Arbeid for Ulvik fjellstyre.....	12
Arbeid for Ullensvang fjellstyre.....	13
Arbeid for Odda fjellstyre	14
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	14
Arbeid for Rauland fjellstyre	15
Arbeid for Eidfjord fjellstyre	16
Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ..	17
Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn.....	17

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet i det samordna villreinjakttoppsynet på Hardangervidda i 2014. Arbeidet føregjekk i lag med politiet og Statens naturoppsyn. Oppsynsarbeidet vart forlenga med utviding av jaktperioden. Oppsynet bisto med innsamling av kjøtprøver for måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta. Det er laga ein særskild rapport for villreinjakttoppsynet.



Fjelloppsyn under villreinjakta Foto: Georg Gjøstein, HF

Småviltjakt

Oppsyn med småviltjakt i 2014 føregjekk i stor grad i kombinasjon med oppsyn med villreinjakt i statsallmenningane. Det vart utført særskilt oppsyn med småviltjakt i Røldal og Eidfjord. Det vart prioritert å drive oppsyn i grenseområda mot private eigendomar i Røldal og Eidfjord.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert jammleg. I 2014 var det sett av særskild tid til kontrollar i Eidfjord statsallmenning, Ulvik statsallmenning, Røldal statsalmenning og Øvre Numedal statsallmenning.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2014 føregjekk i Nore og Uvdal, Vinje, Eidfjord, Ullensvang, Fyresdal, Odda og Voss. Sommarstid er det gjennomført kontrollar på bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Motorferdsel	32	46	39	42	10	30
Småviltjegerar	5	1	9	2	7	15
Villreinjegerar	96	75	101	121	51	60
Fiskerar	31	58	53	21	10	26
SUM	164	181	202	207	78	131

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsars

Tema	Antall advarslar						Antall anmeldelsars				
	2014	2013	2012	2011	2010	2014	2013	2012	2011	2010	
Motorferdsel		4				6	4	1	3		
Småviltjegerar											
Storviltjegerar	7		5	1	3	2	1	1			1
Fiskerar		17					1		2		
Bandtvang	1	1	2		2						
SUM	8	22	7	1	5	8	6	2	5	1	

1.5 Kulturminner

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

1.6 Naturvernombområder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark samt tre landskapsvernombområde.

Tabell 3. Naturvernombområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2014

Vernombområder i Telemark:	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernombområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernombområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
Verneområder i Hordaland	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombomr.</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
Verneområder i Buskerud	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombomr</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

2. Fjellredningsarbeid

Fjelloppsynet deltok med instruktør under eit vinterkurs for politiet. Kurset føregjekk i Songaområdet. Tilsette i fjelloppsynet har også delteke på redningsaksjonar i Haukeliseterområdet og i Skindalen.

3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

Der er ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til 622 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I

den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid ved sentrale innfartsområder til vidda vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet to dagar på Haukeliseter og åtte dagar på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og reglar for bruk av naturen m.m. vart delt ut. Utlendingar utgjer ein relativt stor del av dei som søker informasjon. Det er loggført at det er gjeve informasjon til 176 personar i denne tjenesta.



På Tinnhølen har besøkande tilgang på brosjyremateriell og får ymse informasjon. Foto: Georg Gjøstein, HF

3.3 Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Det har vore kontaktinformasjon og nokre artiklar frå den lokale forvaltninga på Hardangervidda.

3.4 Informasjonsplakatar om fjellstyra på Hardangervidda

Fjelloppsynet har tilvirka og sett opp plakatar som gjev informasjon om fjellstyra, forvaltning av statsallmenningane og fjelloppsynet. Plakatar er sett opp i, eller i nærleiken til dei 6 statsallmenningane.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

4.2 Særskilde arrangement

Det er helde eit jegerprøvekurs i Ulvik med instruktør frå fjelloppsynet.

Mannskap frå fjelloppsynet sto sentralt i arrangering av villmarksleir for ungdom frå Ulvik, Eidfjord og Ullensvang. Dette føregjekk i Osa og aktivitetane var bogeskyting, feller og fangst, sluk/flogefiske, lerdueskyting og rifleskyting. Det var 25 deltagarar.

5. Registreringsarbeid



Villrein på nordvidda. Foto: Georg Gjøstein, HF

5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd med instruks frå Miljødirektoratet. Villreinen vart lokalisert visuelt og ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeiling frå Rv7 i bil og dels med snøscooter som framkomstmiddel. ”Dyreposisjonar” frå radimerka villein på Hardangervidda var til stor nytte i arbeidet.

5.2 Strukturtelling av villrein

Fjelloppsynet deltok med tre personar under strukturtelling av villrein hausten 2014. Arbeidet pågjekk i Vinje, men därleg vær skapte vanskar.

5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.

Det vart gjennomført kontrollar i nokre hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord og Vinje samt gjort registreringar til den nasjonale databasen på to hi i Tinn kommune.

5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det er helde regelmessig tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje og Eidfjord. Det vart javnleg etterfylt med for og viltkameraene på automatane er fylgd opp.

5.5 Utsetting av fjellrev

Personell frå fjelloppsynet deltok på klargjering og utsetting av fjellrev i Vinje.



Fjellreven er på veg tilbake til Hardangervidda. Foto: Georg Gjøstein HF

5.6 Vatnprøver

Det er henta vassprøver frå fem lokalitetar. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, "Krobu-bekk" og Drageidfjorden i Eidfjord.

5.7 Rovviltkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid i Hardanger i Hordaland og i Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid samt kontroll av felte gauper og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

5.8 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid. Sporlogg frå turar og eige registreringskjema blir oversendt rovviltkoordinator i Sno.

5.9 Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i Hol i eit husdyrbeteststudie i regi av Norges miljø- og biovitenskaplige universitet.

5.10 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

5.11 GAB registrering

Fjelloppsynet har delteke på GAB registrering i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

5.12 Fugletaksering, TOV-E

Som eit ledd i nasjonal overvåkning for fugl, er det gjennomført sangtaksering av to ruter i Hordaland (Stavali -Ullensvang, Finse-Ulvik) og ei i Buskerud (Øvre Hein-Hol).

5.13 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E

Mannskap frå fjelloppsynet har gjennomført registreringsarbeid ,som eit ledd i nasjonal overvåkning, på tre reirlokalitetar i Buskerud.

5.14 Nyregistrering av hekkelokalitetar for jaktfalk

Fjelloppsynet deltok på arbeidet med å nyregistrere hekkelokalitetar for jaktfalk i Ulvik.



Fjellvåken var eit vanleg syn på Hardangervidda i 2014. Foto: Georg Gjøstein HF

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Skilting

Personell frå fjelloppsynet har delteke på arbeidet med flytting av informasjonstavla for Bjortjønn fuglefredningsområde i Vinje.

6.2 Renovasjon

Fjelloppsynet leverte nokre båtvrek til avfallsmottak som var frakta frå nasjonalparken. Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehytte. Det vart også gjort fotodokumentasjon av ei gammal beltevong som ligg nedgrave ved Tinnhølen.

6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærmere greie for i eigne vedlegg.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre- Sveinung H.Olsnes
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre og Fellestyret for Ullensvang statsallmennig – Trine Hilstad
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen

8. Organisasjonen

8.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2014 vart arrangert 11. juni som telefonmøte.

8.2 Styre og Fjelloppsensutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardsrud har vore styreleiar, Dei øvrige styremedlemene har vore Dorthe Huitfeldt, Bergfinn Kvalnes, Aslak Myrvang, Kjell Røkenes, Steinar Langesæter Ørjan Angell og Ellen Drangevåg. Fjelloppsensutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardsrud, Steinar Langesæter, Ellen Drangevåg og Bergfinn Kvalnes.

8.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidrarar i 2014 og ein vikar (tabell 4.) Trine Hilstad har vore tillitsvald og verneombud.


Tabell 4. Tilsette i 2014

Tilsett / kontorstad	Stillingsstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	50 %
Harald Normann Andersen, Ulvik	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	85 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	55 %
Sten-Rune Jensen, Uvdal	15%

Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 198 timeverk for Røldal fjellstyre.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.


Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i nærområda til E 134 m.a Ståvatn, Ulevaåvatn, samt lenger inn i statsallmenningen i Steggavotna, Øvre- og Nedre Hellevatn, Store Uravatn og Holmavatnet. Det er ført oppsyn med småviltjakt med prioritet på nærområda til veg m.a. Midtdyrdalen, Nupsdalen og grensa mot Vinje kommune

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fra fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar på to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 609,5 timeverk for Ulvik fjellstyre.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades på Osafjellet. Ein såg også til at fredningspåbodet på rype vart helde. Det er helde særskilt oppsyn med fiske i Langavatnet.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fra fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

Ripsebu er beisa. Det helde jamnleg tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sjå til at det er nok ved på hytta. Brua ved Langavatnet er teke inn. Det er lagt ny takshingel på hytta og uthuset i Søre Grøndalen.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

Prøvefiske

Det er gjennomført prøvefiske i vatnet i Søre Grøndalen.

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 625 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Trine Hilstad.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Tilsyn med hytter og brannvernarbeid m.m.

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Transportar


Det er transportert gass og ved til hyttene. Til Raudåni er det transportert material til bygging av do og det er henta ut bygningsavfall frå Persbu.

Prøvefiske

Personell frå fjelloppsynet har delteke på prøvefiske i Øvre Bjørnavatnet.

Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 185 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Sekretariat

Sekretærarbeidet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er utført av Trine Hilstad.

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 893,5 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytteiene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på nokre av fjellstyrehytteiene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting.

Vedlikehald av hytter m.m.

På Vegarhovda er den gamle pipa rive ned og ny pipe sett opp. Golvet er lakka. På Knutsbu er det sett inn ny dør og ovn. På Kolven er det tilrettelagt med «tak» for oppbevaring av ved.

Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehytteiene sommar- og vinterstid.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i Geitvassdalen m.m. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar.


Fjelloppsynet hadde samordna informasjonstjeneste for alle fjellstyra i juli og augst. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen og Haukeliseter.

Fiskeundersøkjingar

Personell frå fjelloppsynet deltok på prøvefiske i Veisetjørn.

Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 112 timeverk for Rauland fjellstyre.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det var oppsyn i statsalmenningen under villreinjakta.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bokar på to dagar fire veker sommarstid, samt var til stades to dagar på Haukeliseter.


Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 360,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning føregått i ulike deler av allmenningen.

Kontroll av småviltjakt var prioritert i nærområda til rv 7 og på areal som grensar til private tereng. Under villreinjakta vart det helde mest oppsyn i sør- og sørvestre deler av statsallmenningen.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bokar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Båtane til fjellstyret er lagt opp for vinteren.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Noko brannvernmaterial er bytta ut, og det er det teke inn utstyr som mangla.

Bygningsarbeid på hytter m.m.

På hytta ved Heisandtjørn er det sett inn ny pipe og brannmurelement slik at dette er forskriftsmessig. Samstundes vart taklekasje ved pipa tetta. I Viersla er det sett inn nye kjøkkenskåp og snikkerarbeidet i det nye rommet i uthuset ferdigstilt. Det var m.a. lista og sett inn eit glas.

Transportar m.m.

Det er transportert inn ved og søppel frå fleire av hyttene. Ordninga med søppelstativ for kjeldesortering av pantbare boksar/flasker og restavfall på hyttene syner seg å fungere godt.

Fiskekultivering.

Fjelloppsynet deltok på prøvefiske i Tinnhølen. Fjelloppsynet har henta vassprøver i Svartavatnet, Svartavasstjørna, Drageifjorden og «Krobu bekk»

Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Det er ikkje utført arbeid for medlemer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad i 2014.

Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

Tema	Timeverk
Motorferdselskontollar	82
Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7	72,5
GAB registrering	8
Fjellrevarbeid	275,5
TOV-E kongeørn	30
Fugletaksering TOV-E	52
Nyregistreringar av hekkelokalitetar for jaktfalk	11,5
Instruktør, vinterkurs	32
Redningstjeneste	3
Fjerning av båtvrek	23,5
Flytting av infotavle i naturreservat	7
Rovvilkontaktarbeid	151
Oppsyn under villreinjakta	1280,5
Kontorarbeid rovvilkontaktar	22
Anna kontorarbeid- rapportering etter feltoppdrag	230,5
SUM	2281